

*Dekameronen*

## Dekameronen

☞ *Dekameronen* er ei samling på hundre noveller av den italienske diktaren Giovanni Boccaccio. Samlinga er truleg skriven i åra 1348–1353. Boka er hovudverket til Boccaccio og det einaste verket som er bevart.

☞ Boccaccio skreiv novellene sine på folkespråket, italiensk, og blir rekna for grunnleggjaren av den italienske prosadiktinga.

☞ Tittelen *Il Decamerone* tyder tidagarsverket. Rammeforteljinga i boka gir oss bakgrunnen for denne tittelen: Ti ungdommar flyktar frå pesten som heimsøker byen Firenze, til eit hus på landet. For å korte tida fortel dei kvarandre historier. Alle må finne på ei ny historie kvar dag, og etter ti dagar har dei fortalt hundre noveller. Så dreg dei attende til Firenze.



☞ *Dekameronen* er eit bevisst komponert verk. Boccaccio samlar novellene tematisk ved hjelp av rammeforteljinga: Kvar dag vel ungdommane ein ny konge eller ei ny dronning, som så avgjer temaet som alle forteljingane denne dagen skal handle om.

# Innhald



**C**il temps de charles roy de  
sicile. ou temps du quel les  
sinnous furent greues et  
pours lors de sicile. En la  
cite de palerme demouroit un  
vray noble homme appelle leonard. Il avoit  
une tres noble femme seule fille et  
de si noble maniere a mener. En cellu  
temps pierre roy de aragon et seign  
de sicile faillit a palerme une moult  
deille et grande feste a ses barons. ce fut  
jour le roy pierre a la maniere de nostre  
seigneur iouir. Si adont vint la fille du  
dieu leonard appellee elisee une digne  
femme ou elle estoit avec autres fe  
mes le roy courant et iouir de bon  
plaisir a l'extre. le roy plaisir eut a  
la fille que dehors elle qui sonnant le  
regardoit ne pensoit a autre chose  
que a son grant et hault amour. une  
chose mit empeschement lespace de la  
fille quant elle confidera sa digne con

☞ Bakgrunnen for rammeforteljinga i *Dekameronen* er ein pestsjukdom som rammar Firenze. Denne pestsjukdommen er ein historisk realitet, for våren og sommaren 1348 vart byen heimsøkt av pesten.

☞ Samlinga inneheld ein del kjærleikshistorier, men også mange tekstar om heilt andre emne. Boccaccio er ikkje oppteken av å skildre fysisk kjærleik i detalj, men han vil vise kva for ei sterk kraft kjærleiken er, og kor mykje menneska er villige til å gjere for å vinne den dei elsker.

☞ Persongalleriet i novellene omfattar menneske frå alle lag av folket. Hovudpersonane må ofte kjempe mot dumskap og vanetenking, for eksempel unge forelska par som er i konflikt med vrangforeldre. Andre forteljingar handlar om kor gale det kan gå når ein ikkje kan leve i pakt med naturgitte kjensler og drifter. Det er særleg munkane og munkevesenet som blir latterleggjorde i desse forteljingane.

# Sjanger

☞ Ordet novelle kjem frå italiensk og tyder nyhende. På 1200-talet vart omgrepet for første gong brukt om forteljingar. På den tida var novellene korte, populære forteljingar om meir eller mindre aktuelle hendingar.

☞ Boccaccio blir rekna som skaparen av den skjønnlitterære novella. Verket hans har inspirert andre europeiske diktarar som Geoffrey Chaucer, Margarete av Navarra og Miguel de Cervantes til å skrive liknande samlingar. Mange har også utnytta stoffet i forteljingane til å skape nye verk, for eksempel William Shakespeare og Jonathan Swift.

☞ I dag bruker vi omgrepet novelle berre om relativt korte skjønnlitterære forteljingar, gjerne slike som konsentrerer seg om ei hending som utgjer eit vendepunkt i livet til ein person.



